



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for plan og næring

Møtedato: 27.05.2014

Sak nr.: 13/6781-6

Internt l.nr.: 16827/14

Sak: 42/14

Tittel: **Oppretthalde fraktstøtte til kystfiskemottak i Sogn og Fjordane**

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

- 1 Kystfiske er ei viktig lokal ressursutnytting som skapar arbeidsplassar og liv i kystsamfunna. Fiskarane er avhengige av å få levert fisken lokalt. Nedlegging av dei lokale fiskemottaka i Sogn og Fjordane vil få store negative konsekvensar for kystfiskarane, og vidare for kystsamfunna og lokalmiljøa.
- 2 Avkorting av fraktstøtte i dei seinare åra har ført til at denne ikkje lenger dekker dei faktiske drivstoffutgiftene, og dei lokale mottaka slit økonomisk. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at Nærings- og fiskeridepartementet vurderer tiltak som kan forsterke økonomien til dei lokale mottaka og forhindre nedlegging. Auke av fraktstøtta kan vere eit tiltak som kan vurderast i så måte.